

## AVTALEVILKÅR FOR STRAUMAVTALEN SPOTPRIS

### Generelt

Avtalen er mellom deg som kunde (kunden, du) og Wattn AS (Wattn, vi), FNR 925638153 som kraftleverandør. Avtalen kan berre tingast av privatpersonar.

For denne avtalen gjeld Standard kraftleveringsavtale av 01.01.2017, utarbeida av Forbrukertilsynet og bransjeorganisasjonen Energi Norge. I tillegg gjeld følgande avtalevilkår:

### Produkt

StraumavtaLEN Spotpris er ein avtale der kraftprisen følgjer marknadsprisane (spotprisane) time for time på kraftbørsen Nord Pool i det området der krafta vert levert.

### Bestilling

Ved bestilling gir du oss fullmakt til:

- Å sette i verk og melde inn leverandørbyte til nettselskapet
- Å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigar for å gjennomføre leverandørbyte
- Å melde ut- og innflytting til nettselskapet ved flytting
- For profilmålte anlegg må målaren vere avlest til netteigar i løpet av dei siste 12 månader.

### Kundeinformasjon og kommunikasjon

I Wattn sin kundeapp og «Mi side», på [www.wattn.no](http://www.wattn.no), får du tilgang til all informasjon om avtalen og produktet ditt. Vi har lagt til rette for at det meste av kundekommunikasjonen kan gjerast digitalt. Det føreset at du som kunde oppdaterer oss med til ei kvar tid gjeldande e-postadresse og mobiltelefonnummer. Dette gjer du enkelt i kundeapp eller på «Mi side».

Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt, i samsvar med Wattn sine retningslinjer for personvern.

Varsling om pris- og avtaleendringar skjer via e-post eller sms. Du vil også kunne få nyheitsbrev og anna informasjon om aktuelle nyheter og tilbod frå Wattn og våre samarbeidspartar på digitale media, som e-post, sms og liknande.

### Levering

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Leveranse startar opp etter at angrefristen har gått ut (14 dagar), dersom ikkje anna er avtalt. Du kan avtale tidlegare oppstart.

### Leverandørbyte

Avtalen gjeld frå dato for avtaleinngåing. Leveranse startar opp etter at angrefristen har gått ut (14 dagar), dersom

ikkje anna er avtalt. Har du gjort avtale om tidlegare oppstart tek det 1 – 6 dagar før leveransen tek til.

### Kundebyte/anleggsovertaking – flytting til ny adresse

Ved innflytting til ny adresse/anleggsovertaking startar leveransen frå den dato innflytting/overtaking skjer. Dette kan vere fram i tid, eller inntil 3 år tilbake i tid.

Dersom innflyting/anleggsovertaking gjeld tilbake i tid sender vi melding om oppstart av kraftleveranse til Elhub med dato for kundebyte maksimalt tilbake til dagen etter førre innflytting/leverandørskifte, eller maksimalt 3 år tilbake i tid.

Dersom dato er til med 30 arbeidsdagar tilbake i tid, så vil Wattn starte leveransen frå den dato kundebytet skjedde.

Dersom det er lengre enn 30 arbeidsdagar tilbake i tid vil sluttbrukar bli lagt på leveringsplikt frå oppstartsdato. I slike tilfelle vil vi gjere eit leverandørbyte på venleg måte som forklart over.

Ved å be om oppstart av kraftleveranse tilbake i tid for så å seinare nytte seg av angreretten, aksepterer kunden å betale for leveranse av kraft frå oppstart og fram til avtalen vert avslutta.

### Betaling

Avtalen omfattar kunden sitt forbruk av elektrisk kraft. Kunden betalar spotpris med eit avtalt påslag per kWh og eit fastbeløp per månad. Påslaget inkluderer kostnadar for lovpålagte Elsertifikat.

For timemålte anlegg vert forbruket avrekna time for time mot spotprisen henta frå Nord Pool i det prisområdet anlegget tilhører. For standmålte anlegg vert forbruket timefordelt og avrekna i tråd med verdiar frå Elhub. Wattn fakturerer etterskotsvis månadleg. Standard betalingsfrist er 10 dagar.

Forkundar som ikkje opprettar avtale om elektronisk faktura, vil det bli lagt til eit gebyr for produksjon og utsending av papirfaktura. Oppdaterte priser finn du på [www.wattn.no](http://www.wattn.no).

Alle priser frå Wattn vert gitt inklusiv meirverdiavgift.

### Prisendring

Wattn kan gjere endringar i påslag og fastledd med 30 dagars varsel som følge av endringar i marknadstilhøva eller endringar i konsumprisindeksen. Det omfattar også prisjusteringar grunna auka kostnader knytt til oppdekking av elsertifikat, jf. [www.nve.no/elsertifikat](http://www.nve.no/elsertifikat). Prisendringar

blir varsle direkte til deg på e-post, sms eller annan eigna måte.

## Gjennomfakturering

I nettområde der Wattn har avtale med det lokale nettselskapet (netteigaren) om gjennomfakturering, vil Wattn fakturere - og eventuelt kreditere - nettleige på vegne av netteigaren. Ved bestilling av denne kraftavtalen gir kunden Wattn fullmakt til å hente inn nødvendige opplysningar frå netteigaren for å gjennomfakturere nettleige. Avtale om gjennomfakturering påverkar elles ikkje kunden sin tilknytningsavtale med netteigaren (Nettleigeavtalen). Usemje, eller spørsmål knytt til nettleiga må derfor takast opp direkte med det lokale nettselskapet.

Gjennomfakturering kan føre til endra intervall og forfallsdato på faktura. Om gjennomfakturering av ulike årsaker ikkje kan gjennomførast, vil nettleiga bli fakturert direkte frå det lokale nettselskapet.

Ved oppseiing av denne kraftavtalen, vert også gjennomfakturering av nettleige avslutta.

## Angrerett

Privatkundar har angrerett i 14 dagar frå inngåing av avtalen, jf. § 1-4 i Standard kraftleveringsavtale og Angrerettlova. For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen før angrefristen går ut. Bruk av angreretten vil til vanleg medføre at leveransen blir kansellert frå dato for oppstart. Ved bruk av angreretten i samband med leverandørbytte blir melding om kansellering sendt til tidlegare leverandør via Elhub. Wattn er ikkje ansvarleg for behandling av kanselleringsa hos tidlegare leverandør. Leveransen av kraft kan ta til før angrefristen er ute dersom du uttrykkeleg har bedt oss om det. Dersom leveransen ikkje kan kansellerast frå oppstartsdato må du betale for kraft som er levert av Wattn fram til leveransen tidlegast kan bli avslutta.

## Oppseiing

Avtalen har ikkje bindingstid. Ved leverandørbyte frå kunden si side, følger oppseiinga vanlege tidsfristar i kraftmarknaden. Ved oppseiing frå Wattn si side, vil kraftavtalen bli ført attende til netteigar på leveringsplikt. Ved flytting kan avtalen følge deg til ny adresse.

## Endring av avtalevilkår

Desse avtalevilkåra er sist oppdatert 29.06.2023. Avtalevilkåra kan endrast med 30 dagars varsel.

Varsling om endring vert gitt på e-post, sms eller annan eigna måte.